



Julagrano på sitt vakraste.(Foto: Eirik Larsen).

Julestemninga er alt på veg. Denne helga er det fullt førjulsprogram både på Oska og hos Elins Matgleder. I butikkane vert vi minna om at det snart er jul, og neste fredag kjem verkeleg den gode førjulstemninga til bygda når Julagrano vert tent for 55.gong. Første tenning var i 1963, og etter det har musikklaget sytt for at den har lyst opp i tida før jul kvart einaste år.

Pyntegjengen har alt gjort sine førebuingar med å gå over og gjera klar pærer og lekkjer. Dei har også klar dag for å få lysa på plass så no er det berre for vergudane å bli i julestemning. Som vanleg vert det program rundt tenninga, og der er Damevennene hovudarrangør med god hjelp frå andre.

Sjølve tenninga skjer kl.17 fredag 1.desember, og Uskedal musikklag syt som vanleg for julemusikk når Julagrano vert tent. Etter det kan publikum kosa seg med både aktivitetar og godt å eta. Elin Enes i Damevennene fortel at programmet vert litt tynnare i år enn i fjor på grunn av mangel på folk, men då eg får høyra planane, er det plenty til å få opp den gode førjulsstemninga. - Vi har satsa på matsal og borna i år, fortel Elin Enes. Som vanleg vert det salg av julegraut i Helgheimskjellaren og kafè med kaker og kaffi i Gamleskulen. I Helgheim vert det også salg av lappar og kaffi. Der vert det også peparkakepynting. Lynlotteri høyrer også med som eit fat innslag.

Eit kjekt og nytt innslag vert det også på matfronten. Den flinke og aktive ungdommane i nyskipa DNT Ung Kvinnherad vil stilla med grilling av pølser om veret tillet det.

I fjor var det engleverkstad i kyrkja for første gong. Det vart svært godt motteke med stort frammmøte. No har dei erfaringane frå i fjor å byggja på, og suksessen vert gjenteken. Engleverkstaden opnar litt etter sjølve grantenninga.

Nissebesøk har vore fast under julegrantenningane. I mange år no har Børsdalsnissen kome ein tur til stor glede for både store og små. I år knyter det seg ekstra spenning til om nissen kjem. Børsdalsnissen er visstnok ute i den store verda. Kanskje kjem det ein annan nisse på besøk?

Tekst og nett: Thor Inge Døssland